

# Eksamen

26.05.2021

BRT2003 HMT og kvalitet / HMS og kvalitet

**Programområde:** Brønnteknikk

LK06

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.  Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato
<b>Informasjon om vurderinga</b>	I vurderinga av denne oppgåva blir det lagt vekt på at du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Beskriv og forklarar hensikta med valt utstyr/metode.</li><li>• Gjev korrekte svar som viser forståing for emnet og som er relatert til casen.</li><li>• Viser at du meistrar å bruke rapporteringsverktøy, og det å dokumentere.</li><li>• Gjev grunner for svara dine.</li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	NB! I svaret ditt må du skrive på norsk eller eit anna skandinavisk språk (svensk/dansk).

### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke till!

## Oppgave 1

Du jobbar på ein condeep-plattform i Nordsjøen. Motsett skift har fått om bord nye borerøyr som du skal klargjere før dei blir tekne inn på boredekk. Borerøyra er lagra på borerøyrdekket like ved ein inngang til boredekket. Borerøyrsgjengene er smurde med gjengefeitt (DOP) som må fjernast på røyrdekk. Denne typen gjengefeitt (DOP) er vanskeleg å spyle av. Jobben blir utført på nattskift, og det blåser liten storm (22m/s) denne natta. Lufttemperaturen er 0 grader, og det er overskya.

Planlegg og utfør denne jobben.

## Oppgave 2

Seinare den natta høyrer du eit veldig leven (bråk). Fleire tomme oljefat har blåst over ende, og to fat har rulla ned ei trapp. Fata trefte eit stillas, og stillaset er synleg skeivt etter samanstøyten.

Kva bør du gjere som einaste observatør av denne hendinga? Kva for tiltak gjerast i samband med denne hendinga for å sikre at slike hendingar ikkje skjer i framtida?

## Oppgave 3

Same natta får drillaren ein alarm på den eine triplex-pumpa som brukast for å sirkulere borevæske i brønnen under boring. Alarmen viser seg å vere på oljetrykket på pumpa. Mekanikar blir tilkalla, og mekanikar må inn i sjølve pumpa for å sjekke ut kva som er orsaka til alarmen.

Kva må mekanikar gjere for å kunne utføre denne jobben på ein sikker og effektiv måte?

# Bokmål

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>I vurderingen av denne oppgaven blir det lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Beskriver og forklarer hensikten med valgt utstyr.</li><li>• Gir korrekte svar som viser forståelse for emnet og som relateres til casen.</li><li>• Viser at du mestrer å bruke rapporteringsverktøy og det å dokumentere.</li><li>• Begrunner svarene dine.</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	NB! Eksamen må besvares på norsk eller et annet skandinavisk språk (svensk/dansk).

### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke till!

## Oppgave 1

Du jobber på en condeep-plattform i Nordsjøen. Motsatt skift har fått om bord nye borerør som du skal klargjøre før de blir tatt inn på boredekk. Borerørene er lagret på borerørsdekket like ved en inngang til boredekket. Borerørsgjengene er smurt med gjengefett (DOP) som må fjernes på rørdekk. Denne typen gjengefett (DOP) er vanskelig å spyle av. Jobben utføres på nattskift, og det blåser liten storm (22m/s) denne natten. Lufttemperaturen er 0 grader, og det er overskyet.

Planlegg og utfør denne jobben.

## Oppgave 2

Senere den natten hører du et veldig leven (bråk). Flere tomme oljefat har blåst over ende, og to fat har rullet ned en trapp. Fatene traff et stillas, og stillaset er synlig skeivt etter sammenstøtet.

Hva bør du gjøre som eneste observatør av denne hendelsen? Hvilke tiltak gjøres i forbindelse med denne hendelsen for å sikre at slike hendelser unngås i fremtiden?

## Oppgave 3

Samme natten får drilleren en alarm på den ene triplex-pumpen som brukes for å sirkulere borevæske i brønnen under boring. Alarmen viser seg å være på oljetrykket på pumpen. Mekaniker tilkalles, og mekaniker må inn i selve pumpen for å sjekke ut hva som er årsaken til alarmen.

Hva må mekaniker gjøre for å kunne utføre denne jobben på en sikker og effektiv måte?



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)